

Verneombod

V/Osteridet u. skule

04.03.2018

Lindås kommune

Ostereidet ungdomsskule

Temp – klima – ventilasjon ved arbeidsplassar.

Underteikna har fått varsel om at arbeidsplassane til dei tilsette, spesielt lærarane, har ei dårleg løysing for temp.- klimaregulering.

Det er montert ventil rett over arbeidsplassane. Denne ventilen sender inn «frisk» luft frå ventilasjonsanlegget. Lufta er gjerne kjøligare enn romtemperaturen og ein opplever det som kulde.

Det er fleire av dei tilsette som klagar på tilstanden og meiner at dei vert sjuke av denne trekken. Og at dei har større sjukefråvere enn naudsynt -

Luftvegsplager og stiv nakke m.m.

Ein stiller og spørsmål om kor rein denne lufta er, støv.

Som ein kuriositet kjem all den gode aromaen frå skulekjøkenet gjennom desse ventilane.

Dette problemet har vore påpeika tidlegare, (til Eigedomsavdelinga), utan at ein har sett tydelege løysingar.

Underteikna vil at skulen tek dette opp med kommunen, (eigedom), snarast. Slik at ein kan få kartlagt problemet og finna gode løysingar.


Brynjar Nordanger

Verneombod.